

Møteinkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtested: Vang, kommunestyresalen

Dato: 25.04.2013

Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 948 80 564 eller 947 89 126.
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Arild Ingar Lægreid, Jørand Ødegård Lunde og Frida Melvær har meldt forfall og vara
er kalla inn.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 7/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 8/2013	Referatsaker		
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Generelt 2013. Registrering av ulovleg oppført byggverk	2013/575	
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Administrativt kontaktutvalg	2012/5076	
ST 9/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2013 - prioritering av tildelte midlar	2012/7019	
ST 10/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - delegering til arbeidsutvalet	2013/575	
ST 11/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Endring av vedtekten for nasjonalparkstyret - Delegering av myndighet til nasjonalparkforvalter	2013/575	
ST 12/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - søknad fra Juvasshytta og Raubergstulen om sikringstiltak/boreboltar på ruta mot Galdhøpiggen -	2013/783	
ST 13/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013-2015 - Motorferdsel ifm. drift og vedlikehold av turisthytter og kvisting av vinterruter - DNT Oslo og Omegn	2013/1014	
ST 14/2013	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013-2015 - Motorferdsel for frakt av varer og brensel i samband med gjeting av sauer i Guridalen og ved buføring av sau - Utladalen sameige	2012/4002	
ST 15/2013	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Justering av vannanlegg for Skogadalsbøen turisthytte og helikoptertransport - DNT Oslo og Omegn	2012/6060	
ST 16/2013	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Utviding av platting ved inngangsparti Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn	2013/2633	
ST 17/2013	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013-2014 - Helikoptertransport i samband med nytt tak på steinsel i Guridalen - Jorunn K. Yttri	2013/2738	

ST 18/2013	Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - Dispensasjon - 2013 - Helikoptertransport av material og utstyr til vedlikehald av turisthytta i Stølsmaradalen - DNT Oslo og Omegn	2013/2629
ST 19/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel - Dispensasjon - 2013-2015 - Bruk av snøskuter i samband med snømålling - Hydro Energi Sogn	2013/2630

ST 8/2013 Referatsaker

Nasjonalgrenseverket for Jotunheimen og Utladalen. Generelt 2013. Registrering
av ulovleg oppført byggverk 2013/575

Nasjonalgrenseverket for Jotunheimen og Utladalen - Administrativt kontaktutvalg
2012/5076

Arkivsaksnr: 2012/7019-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 15.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	9/2013	25.04.2013

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2013 - prioritering

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer midlane via bestillingsdialogen slik det går fram av vedlegg 3 i saka; jf tabell under:

Tiltak		Status	Innspel	Prioritering
Skjøtsel				
	<i>Skjøtsel Gjende</i>	<i>som før</i>	70	30' (+tenestekjøp)
	<i>Slått Gjende</i>	<i>nytt</i>	30	30'
	<i>Skjøtsel Utladalen</i>	<i>som før og nytt</i>	400	350'
Stiarbeid				
	<i>Vedlikehald</i>	<i>vedlikehald</i>	100	100'
	<i>Nye tiltak</i>	<i>nytt</i>	250	150'
	<i>MONA</i>	<i>nytt</i>	50	50'
Informasjon/innfallsport				
	<i>Standardisering eksisterande</i>	<i>vedlikehald</i>	200	0
	<i>Etablering av naturstiar (to)</i>	<i>nytt</i>	300	200'
	<i>Vurdere og planlegge infrastruktur ved innfallsportane</i>	<i>nytt</i>	70	0
	<i>Rollups til turisthyttene</i>	<i>nytt</i>	20	20'
Naturvegleiing				
	<i>Naturrettleiing</i>	<i>videreføring</i>	400	150
	<i>Informasjonsarbeid Naturhuset</i>	<i>videreføring</i>	70	30
	<i>NP-festival</i>	<i>videreføring</i>	20	0
Ekstra oppsyn				
	<i>Villrein Jotunheimen Vest</i>	<i>videreføring</i>	10	(Tenestekjøp)

Kartleggingsarbeid				
	Jaktfalk	nytt	20	20
	Spetter	nytt	30	(Tenestekjøp)
	Apollo-sommerfugl	nytt	30	30
<i>Sum</i>			2.070	1.160

60.000 av dei frie midlane til styret inngår i tiltaka, slik at i alt 1.160.000 kroner blir fordelt direkte på tiltak. Styret held att 160.000 for disponering seinare. Det kan bli vurdering av eventuelle nye tiltak i neste styremøte.

Sekretariatet får fullmakt til å foreta mindre interne justeringar mellom tiltaka, i samråd med SNO, dersom det viser seg at ein kan få innsparingar på enkelte prosjekt og behov for noko ekstra på andre postar. Styret får oppdatering på status i første møte etter sommaren.

Saksopplysningar

Saksdokument

1. e-post av 16.11.12 frå SNO - skjema og informasjon om bestillingsdialogen.
2. Sak 46/2012 frå møte i nasjonalparkstyret 07.11.12
3. Referat frå møte om bestillingsdialogen 30. november 2012
4. Brev av 11.01.13 til SNO – innspel om ønskete tiltak for verneområda Jotunheimen og Utladalen
5. Tildelingsbrev datert 12.03.13 frå Direktoratet for naturforvaltning og SNO.

Vedlegg til saka

1. C-skjema med innmeldte behov og tildeling av pott til fordeling frå DN/SNO.
2. B-skjema
3. C-skjema, påført forslag til prioritering frå sekretariatet

Nasjonalparkastyret for Jotunheimen og Utladalen hadde ein gjennomgang av opplegg for bestillingsdialog og aktuelle tiltak for verneområda i styremøte 7. november 2012. Som bakgrunnsdokument til dette møtet var m.a. referat frå arbeidsmøte mellom nasjonalparkforvaltarane og lokalt SNO 15.10.12 og utarbeidd besøksstrategi for Jotunheimen. Bestillingsdialogmøte vart gjennomført 30. november 2012. Til stades her var to av tre medlemmer av arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret, nasjonalparkforvaltarane, lokalt SNO v/ Rigmor Solem og Randi Boe, SNO. Notat for oppsummering av møtet og utfylte B- og C-skjema danna grunnlaget for tilbakemelding a til SNO. Som vedlegg til saka følgjer utfylte B- og C-skjema, som viser innmeldte ønske/behov for 2013 innan verneområda Jotunheimen og Utladalen, som vart formidla til SNO i brev av 11.01.13.

I tildelingsbrev frå Direktoratet for naturforvaltning SNO vart det gjeve følgjande tilsegn:

Følgende midler kan disponeres til tiltak innenfor deres ansvarsområder:

<i>Lønn til forvalter inkl sos. utg.</i>	1 205 000	<i>Lønn til forvalterstilling, inkluderer også alle sosiale utgifter.</i>
<i>Fellesadministrative tjenester</i>	245 000	<i>utgifter til arkiv, forværelse, personalarbeid etc. Midlene disponeres av fylkesmannen.</i>
<i>Driftsutgift sekretariat</i>	260 000	<i>kontorhold, reiseutgifter, telefon, porto, kontorrekvisita, og ev andre administrative kontorutgifter</i>
<i>Driftsutgifter for utvalgene</i>	355 000	<i>Reise- og møtegodtgjøring for styret og arbeidsutvalget, reiseutgifter for rådgivende utvalg</i>
<i>Midler – forvaltningsplaner</i>	20 000	<i>utgifter i forbindelse med nødvendige registreringer, medvirkningsprosesser, trykking etc.</i>
<i>Bestillingsdialog</i>	1 320 000	

Samla innmeldt behov/ønskje for midlar til forvaltning, informasjons-, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområde innan Jotunheimen nasjonalparkstyre sitt ansvarsområde, for 2013 var kr. 2.070.000 (vedlegg 1). Samla tildeling i bestillingsdialogen var kr. 1.320.000. Av dette er 220.000 dei frie midlane til styret, 400.000 til tiltak underlagt styret og 700.000 til tiltak forvalta av SNO lokalt.

Det er nasjonalparkstyret som gjer dei endelige prioriteringane.

SNO lokalt og forvaltarane hadde i telefonmøte 08.04.13 ein felles gjennomgang av tiltaka, og diskuterte konsekvensar av prioriteringar som måtte gjerast. Ut ifrå tildelinga er revidert C-skjema (vedlegg 3) supplert med forslag til prioriteringar, innan den gjevne ramma på kr. 1.320.000, jf. tildelingsbrevet. Dette blir lagt fram for styret for behandling.

Vurdering

Skjøtsel, informasjon og tilrettelegging/vedlikehald av stigar er dei store postane innan tiltaksmidlane. I tillegg ser vi eit behov for å auke kunnskapen om verneområda, da dei eldre verneområda som Jotunheimen og Utladalen manglar dei omfattande kartleggingsrapportane for biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard for nyare verneplanprosessar. Vi har for 2013 vald å setja fokus på sjeldne/sårbare artar som jaktfalk, kvitryggspett og apollosommarfugl. Kartlegging av status for jaktfalk i Oppland tek siktet på å dekkje større delar av fylket, gjennom samarbeid mellom fleire nasjonalparkar, og suppling av område som ikkje er verna gjennom midlar frå Viltfondet. Det er laga eit kartleggingsopplegg for jaktfalk å aktuelle lokalitetar i fjellområda rundt Gudbrandsdalen og Valdres. Dette må supplerast med kartleggingar innan dei delane av verneområda som ligg i Sogn og Fjordane. Apollosommarfugl er registrert i nasjonalparken, men vi har ikkje fullstendig status. Kvitryggspett kan finnast innan område i Utladalen, og nærmere kartlegging av spettar innan aktuelle leveområde er såleis interessant.

Tiltak innan styret og sekretariatet sitt oppfølgingsområde er elles knytt til informasjon. I tråd med besøksstrategien ønskjer vi å tilrettelege naturstigar ved innfallsportane, for å svare på ønsket om enkle turar på 1-2 timer som alle kan mestre. Naturstig Gjendesheim – Hamnsand er aktuelt, og dette tiltaket blir vurdert svært positivt av tilsynsutvalet i Vågå og vertskapet på Gjendesheim. Vidare ser vi på informasjon ved Turtagrø og Utladalen. Alle tiltak blir utarbeidd i nær dialog med lokale partar. Dette både for å sikre forankring, og for å få tilgang til lokal informasjon.

Naturrettleiing: Det er ein vesentleg reduksjon i høve til innspelet, men ein av rettleiarane frå i fjar kjem ikkje til å vera her i år. Om ein skal tilsetje ny, trengst relativt mykje til oppfølging/opplæring, og SNO og forvaltarane har kome fram til forslag om å prioritere den fysiske tilrettelegginga med skjøtsel og informasjon i komande sesong.

Skjøtsel: Det er etter evaluering av skjøtsel i Gjendebu tilrådd slått for å fremme veksevilkåra for m.a. marinøkkelartar i området. Vi har i dialog med SNO og verten på Gjendebu kome fram til at dette kan kombinerast med ei slåttehelg, med naturrettleiing om tidlegare tiders bruk, kulturlandskap og biologisk mangfald. For å fremme dette tiltaket vert det tilrådd å setja av 30.000 kroner til nytt tiltak. Det er sett av noko mindre til vidareføring enn først foreslått, men dette vil bli supplert med tenestekjøp frå fjellstyret for å oppretthalde nivået. Tenestekjøp av arbeid frå fjellstyret er aktuelt som suppling eller alternativ også på enkelte andre tiltak.

SNO ser stort behov for vidareføring og utviding av skjøtselen i Utladalen, og ønskjer ressursar for å utvide mot Guridalen/Vormeli. Det er laga eit fagleg skjøtselsnotat av Tanaquil Enzenberger som bakgrunn for dette. Det er viktig å vera klar over at skjøtsel av kulturmark er ressurskrevjande, og at det krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre tiltak i 2013. Ved prioritering av utvida skjøtselsområde i 2013, gjev styret samstundes signal om at tiltaket vil ha høg prioritet også i åra framover.

Etter det framlagde forslaget vil 60.000 av dei frie midlane til styret inngå i tiltaka, slik at i alt 1.160.000 kroner blir fordelt direkte på tiltak. Vi foreslår å halde att 160.000 for disposisjon inntil vidare. Det har m.a. kome signal om ein mogleg søknad om medfinansiering av ei ny bru i Russdalen, og dersom dette skal vurderast i år må søknad koma innan fristen for saker til styremøte 22. mai. Vi ser også at det kan vera aktuelt å lage informasjonsfaldalarar/brosjyrar med turforstag innan ulike delar av verneområda, slik det er gjort for t.d. Langsua (eksempel blir vist i møtet). Det hadde vore nyttig å lage ei pilotutgåve for eitt område i år, og deretter be om innspel frå fagleg rådgjevande utval og næringsdrivande om liknande turguidar for andre område med tanke på finansiering og produksjon i 2014. Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Konklusjon

Tildelt ramme er vesentleg lågare enn totalbeløpet det vart søkt om, men dei prioriterte tiltaka vil i stor grad oppretthalde nivået på skjøtsel og vedlikehald, og det er samstundes rom for ein del nye tiltak. Vi har i tillegg eit samarbeid på informasjonssida med Norsk Fjellmuseum som vart sett i gang i fjor, som vil koma i tillegg til informasjonstiltaka som er prioritert i denne runden.

Tildeling tiltaksmidler post 1426.30

Bestillingsskjema B mellom forvaltningsmyndighet og Statens naturoppsyn (SNO) lokalt for 2013

Forvaltningsmyndighet/styre: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen Kontaktperson: Kari Sveen Telefon: 94 88 05 64

SNO lokalt: Rigmor Solem Telefon: 959 65 158

(dersom man velger å samle innspill til flere SNO lokalt i samme bestillingsskjema – før opp flere navn og telefonnr her)

Bestillinger fra forvaltningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver (filles ut avforvaltn.myndighet)

Bestillings-nummer (fylke + nummer + år)	Prioritet Kategori 1-3 og evt frist for oppdrag	Hvis verneområde ID-nr. for området (Naturbase)	Navn på område/lokalisitet	Beskrivelse av oppdrag	Anslått tidsbruk i ukeverk	Kryss av hvis behov for egen rapport	SNO sin rapportering av oppdraget (SNO fyller ut etter utført arb.)	SNO sine forslag til videre oppfølging, eventuelle oppgaver som ikke er utført (filles ut etter utf. arb.)
JOT 1-2012	1	VV0000 1869	Jotunheimen	Overvakning jaktfalk		x		
UTL 2-2012	1	VV0000 0706	Utladalen	Overvakning jaktfalk		x		
JOT 3-2012	1	VV0000 1869	Jotunheimen	Tilrettelegging innfallsport Gjende/Hamnsand – telling		x		
UTL 4-2012	1	VV0000 0706	Utladalen	Skjøtselsplan Utladalen – evaluering/oppfølg.				
JOT 5-2012	1	VV0000 1869	Jotunheimen	MONA-prosjektet – I Gjendine Slålien sine fotspor				

Underskrift/evt sign forv.myndighet:

Bestillingsdialogen 2013 - Justering etter tildeling

Skjøtsel

*Skjøtsel Gjende
Slått Gjende
Skjøtsel Utladalen*

Stiarbeid

*Vedlikehald
Nye tiltak
MONA*

Informasjon/innfallsport

*Standardisering av eksisterande
Etablering av naturstiar (to)
Vurdere og planlegge infrastruktur ved innfallsportane
Rollups til turisthyttene*

Naturvegleiing

*Naturvegleiing
Informasjonsarbeid Naturhuset
NP-festival*

Ekstra oppsyn

Villrein Turtagrø

Kartleggingsarbeid

*Jaktfalk
Spetter
Apollo-sommerfugl
Frie midlar styret*

	Omsøkt	Sum	Forslag til prioritering	Sum
		500		410
<i>som før</i>	70		30	Supplere med
<i>nytt</i>	30		30	
<i>som før og nytt</i>	400		350	
		400		300
<i>vedlikehald</i>	100		100	
<i>nytt</i>	250		150	
<i>nytt</i>	50		50	
		590		220
<i>vedlikehald</i>	200		0	
<i>nytt</i>	300		200	
<i>nytt</i>	70		0	
<i>nytt</i>	20		20	
		490		180
<i>videreføring</i>	400		150	1 naturettleie
<i>videreføring</i>	70		30	
<i>videreføring</i>	20		0	
		10		0
<i>videreføring</i>	10			Dekke villrein
		80		50
<i>nytt</i>	20		20	
<i>nytt</i>	30		0	inn i tenestekj
<i>nytt</i>	30		30	
			160	160
	2070		1320	1320

tenestekjøp

er i sesongen

overvakning innan tenestekjøp Luster

øp

Arkivsaksnr: 2013/575-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 17.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	10/2013	25.04.2013

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - delegering til arbeidsutvalet

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast
- Dispensasjonssøknader som krev særleg rask avgjerd og som har samfunnsmessig betydning
- Irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak og terrengeinngrep vert i utgangspunktet ikke delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre bygningsmessige tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søker har fått løyve tidlegare.

Saker behandla i AU skal refererast for styret i komande møte.

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 5/ 2012 vedtak om samansettnad og arbeidsoppgåver for arbeidsutvalet. Etter eit års utprøving ser ein behov for å sjå nærmare på delegeringsvedtaket, og det er naturleg å vurdere dette samstundes med sak om delegering til sekretariatet. Det var ikkje høve til å delegere til administrativt nivå på det tidspunktet AU vart etablert – sjå sak om delegering til sekretariatet og endring av vedtekter.

Gjeldande delegeringsvedtak frå mars 2012 har følgjande ordlyd:

«Inntil vidare delegerer styret avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast, med unntak av irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søker har fått løyve tidlegare.»

Opprettning av arbeidsutval er heimla i vedtekten for nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, punkt 5:

"Styret kan nedsetje eit arbeidsutval beståande av minimum 3 styremedlemmar. Styret kan gi arbeidsutvalet myndigheit til å treffe vedtak etter naturmangfoldlova etter verneforskriftene i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane. Vedtak i arbeidsutvalet skal treffast innanfor ramma av prinsipp fastsett av styret for de ulike saksområda i tråd med naturmangfoldlova/verneforskriftene."

Vurdering

Formålet med å opprette eit arbeidsutval (AU) er at forvaltninga skal skje så effektivt og smidig som mogleg, jf. brev av 10. august 2010 frå statsråd Erik Solheim

Dette er særleg viktig når det gjeld behandling av søknader om dispensasjon frå verneforskrifta. Etter vedtekten punkt 5, kan styret gje AU myndigheit til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane. AU sine vedtak skal vidare treffast etter prinsipp fastsett av styret for de ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskrifta. Gjeldande forvaltningsplan (1998) og forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen NP/Utladalen LV, utdjupar dei enkelte dispensasjonsføreseggnene i verneforskrifta og gjev retningsliner for kva som kan/bør tillatast med utgangspunkt i omsynet til verneverdiane og verneformålet for det einskilde verneområde. Ved vedtak om delegering i 2012 vart det framheva at det «*På eit seinare tidspunkt er det naturleg at nasjonalparkstyret har ein gjennomgang av alle styret sine arbeidsoppgåver og kva for oppgåver styret delegerer til AU.*»

Ein har i året som har gått sett at der har vore mindre bygnings-/anleggsmessige tilpassingar der det har vore nødvendig med rask avklaring, og der saka har vore utan betydning for verneverdiane. Ein bør derfor ha ei viss opning for at AU kan behandle også byggesaker, når dette gjeld bagatellmessige utbetringar utan endra kapasitet eller nye funksjonar i bygga.

Sekretariatet tilrår at gjeldande delegering vert revidert på dette punktet, da det er ressurskrevjande å samle styret for å behandle hastesaker der innhaldet ikkje har prinsipielle sider. Ved delegering vil også etablert praksis på tilsvarande saker som er behandla av styret tidlegare, gje føringar for kva som er rekna som kurante tiltak og om dei kan eventuelt tillatast.

Arkivsaksnr: 2013/575-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 17.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	11/2013	25.04.2013

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Endring av vedtekten for nasjonalparkstyret - Delegering av myndighet til nasjonalparkforvalter

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen gir nasjonalparkforvaltarane myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjeld søknad om løyve etter følgjande spesifiserte dispensasjonsreglar om ferdsel i verneforskriftene:

- Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark datert 05.12.1980: § 3 pkt. 5.3.1, 5.3.2 og 5.3.3.
- Forskrift om Utladalen landskapsvernområde datert 05.12.1980:Punkt IV, 8:
«Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel for:
 - transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene
 - utøving av landbruksdrift»

Myndigheita gjeld ikkje vedtak etter naturmangfaldlova § 48.

Vedtak fatta av nasjonalparkforvaltarane skal vere i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan. Fram til ny forvaltningsplan er endeleg godkjend, er det naturleg å legge til grunn retningslinene som er gitt i utkastet til forvaltningsplan og etablert praksis.

Delegerete vedtak skal refererast for styret i komande møte.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Brev frå Miljøverndepartementet datert 17.12.12 om endringar i vedtekten for nasjonalpark-/verneområdestyra.

Endring av punkt 6 i vedtekten om sekretariatet for nasjonalparkstyret

Miljøverndepartementet har endra ordlyden i punkt 6 i vedtekten for nasjonalpark-/verneområdestyra. Ordlyden i pkt. 6 i vedtekten blir no:

«Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av ein eller fleire nasjonalparkforvaltarar som vert tilsett av Fylkesmennene i Oppland i dialog med styret. Fylkesmannen i Oppland har personalansvaret for nasjonalparkforvaltarane. Sekretariatet kan fremme innstillingar overfor styret om saker som gjeld forvaltning av verneområda. Sekretariatet er underlagt nasjonalparkstyret i alle sakser som gjeld forvaltninga av verneområda.

Styret kan gi forvaltaren myndigkeit til å treffe vedtak i alle saker som gjeld søknad om løyve etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsel i verneforskriftene.

Det er ikkje anledning til å delegere myndigheita til å treffe vedtak etter naturmangfaldlova § 48.

Vedtak fatta av nasjonalparkforvaltaren skal vere i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og eventuell forvaltningsplan. Der det ikkje føreligg godkjent forvaltningsplan skal styret vurdere om det skal gjevast særskilde retningsliner for handsaminga av denne typen saker.

Miljøverndepartementet har utarbeidd ein eigen instruks for prosessen knytt til tilsetting av nasjonalparkforvaltaren.»

Bakgrunn

Departementet viser til at fleire nasjonalpark-/verneområdestyre har ytra ønske om å kunne delegere myndigkeit til nasjonalpark-/verneområdeforvaltaren. Dette gjeld spesielt saker knytte til motorferdsel og annan ferdsel, der det er eit stort tal saker, og der det regelmessig vert handsama løyve etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene.

Departementet ser at det kan vere formålstenleg å delegere myndigkeit til forvaltaren på dette saksfeltet, då det er tale om eit stort tal saker. Departementet har med bakgrunn i dette endra pkt. 6 i vedtekten for nasjonalpark-/verneområdestyra.

Vurdering

Endringa av punkt 6 om sekretariatet for nasjonalparkstyret inneber at forvaltaren kan gjevast myndigkeit til å handsame alle typar søknader om ferdsel etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene. For Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er gjeldande forskrift frå 1980 og det er få spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskriftene. Det vil likevel vere ei forenkling i einskilde saker, særleg hastesaker. Dette inkluderer m.a. motorferdsel både på snødekt mark og barmark.

Med bakgrunn i dette kan forvaltaren gjevast myndighet til å handsame søknader om ferdsel etter følgjande:

- Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark datert 05.12.1980: § 3:
 - Pkt. 5.3:

Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til motorferdsel på vinterføre, på veg også på sommarføre, i vassdrag og bruk av luftfarty for:

 - Pkt. 5.3.1: Køyring i samband med bufe- og tamreindrift, anna landbruksdrift, utøving av bruksrett og fiskekultivering.
 - Pkt. 5.3.2: Transport av materiale til hytter, klopper, bruer o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene.
 - Pkt. 5.3.3: Køyring for utføring av sikringstiltak, t.d. merking av løyper.
- Forskrift om Utladalen landskapsvernombordet datert 05.12.1980: Punkt IV, 8 «Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel for:
 - transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene
 - utøving av landbruksdrift»

Siste del av andre punkt for Utladalen landskapsvernombordet for kva forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til, er ein generell dispensasjonsregel som er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova. Det same gjeld for punkt 5.3.4 i §3 i forskrift for Jotunheimen nasjonalpark. Desse reglane kan ikkje delegerast etter retningslinjene frå departementet.

Forvaltningsplanen set rammer for korleis slike saker skal handterast. Omfanget av ferdsel må ikkje vere i strid med verneformålet, reglane i naturmangfaldlova og forvaltningsplan. Forvaltningsplanen frå 1998 er til revisjon i samband med revisjon av verneforskriftene. Fram til ny forvaltningsplan er endeleg godkjend, er det naturleg å legge til grunn retningslinjene som er gitt i utkastet til forvaltningsplan og etablert praksis.

Arkivsaksnr: 2013/783-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.02.2013


Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	12/2013	25.04.2013

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - søknad frå Juvasshytta og Raubergstulen om sikringstiltak/boreboltar på ruta mot Galdhøpiggen**Forvaltar si innstilling**

1. Før nasjonalparkstyret tek endeleg stilling til spørsmålet om eventuell fjerning av boreboltar som er etablert i kanten av Piggebreen, utan nødvendig godkjenning, vil ein vurdere saka nærmare i dialog med søker og med aktuelle fagmiljø knytt til sikring og ferdsel i høgfjellet.
2. Det blir innkalla til synfaring på seinsommaren 2013, der SNO/oppsyn, minst ein av forvaltarane og eventuelt nokon frå styret og aktuelt fagmiljø deltek saman med søker.
3. Fram til saka får si endelege behandling må det ikkje riggast tau som blir ståande oppe når passasjen ikkje er bemanna av dei som har etablert boltane.
4. Dersom det oppstår situasjonar der folk tek i bruk innretningane på ein måte som kan medføre fare, kan styret krevje fjerning på kort varsel – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1 som set forbod mot inngrep av alle slag.

Saksopplysningar

Juvasshytta v/ Per Arne Vole og Raubergstulen v/ Amund Mundhjeld søker om dispensasjon for plassering av boreboltar i Piggeura i Jotunheimen Nasjonalpark. Vedlagt søknaden er kart med avmerka plassering ▲, sjå kartutsnitt:



Boltane vart sett ut i 2011, og SNO og forvaltninga vart merksame på forholdet etter spørsmål frå publikum om grunnlaget for slik tilrettelegging. Saksbehandlar tok kontakt med Juvasshytta og fekk stadfesta at det var førarane som hadde plassert ut boltane. Det vart da gjort merksam på at slik tilrettelegging må vurderast etter verneforskrift, og at forvaltninga må følgje opp saka og krevje fjerning, eller behandle saka dersom det kjem søknad om dispensasjon for å behalde boltane.

I søknaden er det m.a. gjeve følgjande utgreiing om plassering og grunngjeving om behov:

«Ura og ruta opp mot Galdhøpiggen har i de seinere åra blitt en mere utsatt plass. Piggebrean har i alle år laget en brei hylle som er en del av ruta. Med de senere års harde smelting av breen, er det i perioder blitt mye is og den tidligere hylla er mer eller mindre borte. Med det som resultat at det blir en bratt bakke som fører rett ned i store sprekkområder. En utglidning her kan være fatal.

Førerne ved ovennevnte bedrifter legger i disse periodene ut faste tau for å styre trafikken, samt bremse opp ved eventuelle fall. I tillegg står det alltid førere der for å veilede turistene vi har med på tur.

Vi som driver daglig kjenner til forholdene og er klar over faren, men det er også mange andre aktører i guidemarkedet som ikke har daglig oversikt over forholdene. Og heller ikke har nødvendig utstyr med seg. Det er derfor viktig at vi finner løsninger som gjør at tauene kan ligge ute permanent i de farlige periodene på sensommer og høst.

Stedet vi må feste tauene er grov blokkur med dårlige muligheter for å finne gode naturlige sikringsmetoder. Det eneste som kan fungere tilfredsstillende er borebolter som festes i fjellet.

Vi vurderte situasjonen i 2011 å være så dramatisk med mye folk og ekstremt glatt og bratt bre at vi plasserte tre borebolter i grov blokk. Boltene er omtrent to centimeter i diameter og 5 centimeter lange. De er mulige å fjerne ved en senere anledning, og er synlige bare korte deler av året.

Dette var et ledd i vårt arbeid for å gjøre turen til Galdhøpiggen sikrere for turister og som arbeidsplass for førerne.

Vi ser dette i sammenheng med flere tiltak vi har gjennomført de siste årene, med plassering av sikkerhetsutstyr, sambandsutstyr og hjertestarter. Samt en kompetanseheving av våre guider med kurs og øvelser.»

Forholdet til verneforskrift og forvaltningsplan

Gjeldande verneforskrift § 3 har følgjande reglar om tekniske inngrep i nasjonalparken:

1. Landskapet

Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag, herunder veg- og jernbanebygging, bergverksdrift, massetak, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, taubaner, heisar, flyplassar o.l. og mot oppføring, utviding eller ombygging av bygningar og anlegg av alle slag. Det er heller ikke tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep. - - - »

Forbodet mot inngrep av alle slag er vidareført i forslaget til revidert verneforskrift

Forslag til forvaltningsplan kap. 8.5. omhandlar tilrettelegging for ferdsel og merking av fotturruuter. Dei generelle føringane er:

«*Friluftsliv inngår som ein del av verneformålet for Jotunheimen nasjonalpark og for Utladalen landskapsvernområde ved at "Ålmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging" (framlegg til verneforskrifter § 2). I verneområda er det i dag lagt godt til rette for fjellvandring og skiturar. Dei fleste fotturrutene er godt T-merkte, og over fleire elver/bekkar er det bygd bruer/klopper.*

— — —
«*Både for ekstensivt og intensivt friluftsliv bør dei aktuelle tilretteleggingstiltaka utførast med så små inngrep som mogleg, slik at naturpreget i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i størst mogleg grad blir halde ved lag.*

Forvaltningsstyremakta og oppsynet har i liten grad kapasitet til sjølve å stå for naudsynte tilretteleggingstiltak. Forvaltningsstyremakta må konsentrere seg om ein strategi for kvar og korleis tilrettelegginga skal skje og informere grunneigarar, kommunar, organisasjonar og lag om dette. Merking og tilrettelegging i områda som grenser inntil verneområda bør og vurderast saman med det som er strategien for verneområda.»

Utdrag av avsnitt om *Sikringstiltak for friluftslivet/ferdsel* i nytt forslag til forvaltningsplan:

«*Som hovudregel skal sikringstiltak for å lette ferdsla eller gjøre ferdsla tryggare ikkje vere nokon praksis i verneområda, fordi dei utgjer varige inngrep, og fordi retten til fri ferdsel i utmark kviler på at ferdsla skjer på eiga ansvar. Det er valt å gjøre unntak frå dette på to punkt på T-merkte stiar i nasjonalparken: kjetting på "Vesleløfti" på stien frå Besseggen ned til Gjendesheim (2005) og wire ved Bukkelegret (etablert før nasjonalparkvernet, men løyve til vedlikehald blir gjeve). Vesleløfti og Bukkelegret er svært profilerte og markedsførte turruter, delvis pga. tilretteleggingsnivået elles gjennom rutebåten på Gjende. På grunn av vanskegraden på noen punkt og omfanget av ferdsel er det valt å gje løyve til enkle sikringstiltak her. DNT er ansvarleg for vedlikehald av sikringstiltaka på desse to rutene. Det er fjerna wire/kjetting i Vesle-Utladalen og frå Midtmaradalen og opp på Bandet.»*

— — —
«*Det vil vere viktig å ikkje senke terskelen for sikringstiltak, og fylkesmennene vil generelt vere restriktive med slike tiltak. Dette er også understreka av Direktoratet for naturforvaltning.»*

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett. Forvaltningsstyremakta må også vurdere konsekvensar av ein dispensasjon, t.d. om den vil opne for nye søknader på tilsvarende grunnlag.

Vurdering

Det er prinsipielt svært uheldig å utføre tiltak innan verneområde utan avklaring i høve til verneforskrifta på førehand. Styret må ta stilling til om boltane skal krevjast fjerna, eller om forholda er slik at tilrettelegginga kan aksepteras gjennom ei vurdering av om vilkåra for dispensasjon kan vera til stades. Det er i utgangspunktet streng holdning til etablering av faste installasjonar i nasjonalparken, ut over generell merking og skilting av eit godkjent løpenett.

Når det gjeld tilsvarende installasjonar er det enkelte andre lokalitetar der det er etablert sikring. Det er boltar/kjetting på utsette parti på Bukkelegeret og Vesløyfete på Besseggenstigen ned frå Veslfjellet mot Gjendesheim. Sikring på Bukkelegeret var etablert før nasjonalparken vart oppretta, medan sikringa ned frå Veslfjellet på Besseggenstigen vart etablert i medhald av dispensasjon i 2005. Det har altså ikkje

vore ei absolutt avvisande haldning når det gjeld tekniske innretningar for å sikre dei som ferdast i nasjonalparken, men kvar dispensasjon må vurderast på individuelt grunnlag.

Det er også registrert ulovlege boltar i Jo-stigen ved Gjende, og denne saka får nærmere oppfølging med krav om fjerning.

Søkjarane meiner at boltane er viktig sikringstiltak under spesielle føreforhold. Boltane blir nytta til å setja opp ei line som folk kan halde seg i, for å unngå at nokon sklir ned.

Denne saka har to sider:

- 1) Forvaltninga skal ta stilling til fordelar og ulemper – jf nmf § 48
- 2) Tiltakshavar må nøyne vurdere sikringa i høve til ansvarsforhold – både overfor eigne gjester/kundar og overfor dei som ferdast i området på eige hand.

Boltar med boring i fjell inngår ikkje i opplista tiltak som forvalningsstyremakta kan gje løyve til, og tilrettelegginga må såleis vurderast etter generelle dispensasjonsreglar i verneforskrifta. Ved iverksetting av naturmangfaldlova vart desse avløyst av nmf § 48. Naturmangfaldlova § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast: «*Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Formålet med opprettิงa av Jotunheimen nasjonalpark er «*å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.*»

Når det det gjeld naturmangfaldlovas § 9 *Føre-var prinsippet* og § 10 *Økosystemtilnærming og samla belastning* kan det vera uheldig å opne for installasjonar som legg til rette for at folk kan ta seg fram på område som frå naturen si side er skjerma mot utstrakt ferdsel. Men sidan ruta mot Galdhøpiggen ligg i brukssone med stor trafikk, uavhengig av den aktuelle tilrettelegginga, kan ein si at enkelttiltak på denne heilt spesielle ruta ikkje vil skape uheldig presedens i høve til tilrettelegging på rutenettet generelt. §§ 11 og 12 om ansvar for kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar vert vurdert som relevante for denne saka.

Boltane i seg sjølv er såpass små og lite synlege at dei i liten grad vil ha påverknad på landskapsverdiane. Dei vil heller ikkje vera i konflikt med naturmangfald, og ein kan såleis si at dei «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Det andre vilkåret vil vera om «*sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*» med unntak i medhald av naturmangfaldlova.

Spørsmålet om sikkerheit er svært vanskeleg i dette tilfellet. Tilrettelegginga vil bidra til at folk kan gå på Galdhøpiggen, også i periodar av året da dei naturgevne tilhøva ikkje ligg til rette for at folk kan ta seg fram over breen. Bruk av boltane for utlegging av sikringstau vil nok gjera det sikrare enn om ein ikkje har tilrettelegging, men ein kan også sjå at tilrettelegging vil få fleire til å krysse det vanskelege partiet når forholda frå naturen si side er slike at ein heller burde snu.

Det må diskuterast om forholda på staden er slike at ein ikkje bør ha tilrettelegging som gjer at turistar som ferdast på eige hand og ikkje er så kjende på staden let seg freiste til å forsere det vanskelege partiet når det er lagt ut tau – som blir eit signal om at her

er det greitt å gå. Opplegget er oppfatta slik at turistane sjølve må halde seg fast i tauet, og ein må da stille spørsmål ved kva som kan skje dersom nokon sklir på underlaget og mistar taket i tauet samstundes med at han/ho mistar balansen.

I søknaden er forholda på staden skildra slik: «*Piggebreen har i alle år laget en brei hylle som er en del av ruta. Med de senere års harde smelting av breen, er det i perioder blitt mye is og den tidligere hylla er mer eller mindre borte. Med det som resultat at det blir en bratt bakke som fører rett ned i store sprekkområder. En utglidning her kan være fatal.*»

Dvs at ein som mistar taket i tauet vil vera utsett for livsfare om han sklir utfor, og dette tilseier at dersom ein i det heile skal opne for å leggje ut tau, må det vera under føresetnad av at sikringa får ein kvalitet som held mål overfor alle som følgjer ruta. Søkjarane skriv at det «*står det alltid førere der for å veilede turistene vi har med på tur*». Det blir samstundes søkt om å ha taua ståande permanent når det er vanskelege forhold, og det betyr at folk vil kunne passere utan å ha erfarne førarar til å sikre og rettleie seg.

Tilrettelegging på denne plassen er vanskeleg å tilrå utan at den er kopla til personleg føring med tilfredsstillande sikring av kvar enkelt. Dvs at eventuelle tau må takast vekk når det ikkje er kvalifisert førar på staden. Om sikringa i seg sjølv er bra nok, når den føreset at folk må halde tak i tauet sjølve, bør også vurderast nærmare.

Det er vanskeleg å tilrå dispensasjon for dette tiltaket, da tilrettelegginga med utlegging av tau kan gje falsk tryggleik og bidra til at folk forserer området når dei naturgjevne forholda tilseier at ein heller bør snu. Dei som går på Galdhøpiggen i eigen regi bør ikkje lokkast til å gå over denne passasjen når breen er nedsmelta på seinsommaren og utover hausten, dersom dei manglar nødvendig kompetanse og tilfredsstillande sikringsutstyr.

Før nasjonalparkstyret tek endeleg stilling til spørsmålet om fjerning, er det ønskjeleg å vurdere saka nærmare i dialog med søker og med aktuelle fagmiljø knytt til sikring og ferdsel i høgfjellet. Synfaring bør gjennomførast på seinsommaren 2013. Det må ikkje riggast tau som blir ståande oppe når passasjen ikkje er bemanna. Eventuell bruk av boltane i perioden fram mot endeleg vedtak føreset at førar heile tida er til stades for rettleiing og ivaretaking av sikring. Ein minner om at det er tiltakshavar som har ansvar for tilrettelegging.

Arkivsaksnr: 2013/1014-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 19.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	13/2013	25.04.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernombåde -
Dispensasjon - Motorferdsel - 2013-2015 - Motorferdsel ifm. drift og
vedlikehold av turisthytter og kvisting av vinterruter - DNT Oslo og
Omegn****Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med dette Den Norske Turistforening Oslo og Omegn løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av sine hytter i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombåde. Kva løyvet gjeld og vilkåra for løyve går fram av eige vedlegg.

DNT Oslo og Omegn har etter dette løyvet ansvar for gjennomføringa av motorferdsel knytt til deira verksemd i verneområda. Det er særskilt viktig at organisasjonen har gode rutinar for at nye tilsette/aktørar vert gjort kjent med og forstår innhaldet i dette løyvet. Gode rutinar for rapportering vil også bidra å sikre ei god gjennomføring.

Saksopplysningar

Vi viser til tidlegare løyve datert 09.06.2009 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og tilsvarande brev frå Fylkesmannen i Oppland. Dette løyvet omfatta perioden 2009-2012 og ville deretter bli forlenga med eitt år om gangen dersom ingen av partane hadde innvendingar.

I oppsummerings-/informasjonsmøte med DNT Oslo og Omegn på Lillehammer 21.01.2013 vart løyvet diskutert og ein ser behov for både å justere, konkretisere og tydeleggjere einkelte punkt. I hovudsak byggjer nytt løyve på tidlegare løyve.

Saka vart lagt fram for nasjonalparkstyret den 14.02.2013, men DNT Oslo og Omegn hadde ikkje fått tid til å kommentere framlegg til vedtak. Saka vart derfor utsett.

Bakgrunn:

DNT si verksemd i Jotunheimen har historie tilbake til heilt i oppstarten av foreininga i 1868. Allereie i 1870 stod den første turisthytta på Tyin klar. I dag er det 14 turistforeningshytter knytt til Jotunheimen og Utladalen. Det er i tillegg til 28 hytter som er eigd av private. Nokre ligg innanfor verneområda, mens andre ligg i randsona rundt, men alle hyttene er knytt saman med stisystemet i Jotunheimen (hovudsakleg DNT-merka ruter).

DNT Oslo og Omegn har i fleire år hatt eit felles løyve for motorferdsel i heile verneområdet både for drift av turisthyttene og kvisting av utvalde vinterruter. Foreininga har fire betente og ei sjølvbeteningshytte innanfor verneområdet som er omfatta av løyvet. Dei er avhengige av løyve til transport i samband med lovpalagt ettersyn, frakt av mat, brensel og utstyr, i tillegg til kvisting av skiløyper. Bakrunnen for revisjonen av løyvet er behovet for å konkretisere og understreke rutinar som er viktige for påverknaden på andre interesser i verneområdet.

Heimel:

Motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet er forbode etter verneforskriftene høvesvis pkt. IV, 5.1 og pkt. IV, 8. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel for transport av materiale, brensel, proviant og utstyr etter verneforskriftene høvesvis pkt. IV, 5.3.2. (Jotunheimen nasjonalpark) og IV, 8 (Utladalen landskapsvernombordet).

Verneformålet i § 2 for Jotunheimen nasjonalpark er: «*Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.*»

Vurdering

DNT sin aktivitet har både historisk og i dag vore viktig for utviklinga av friluftsliv generelt i landet og i Jotunheimen og Utladalen spesielt. Gjennom stinettet og hyttene har fjellområda blitt gjort tilgjengelege for folk flest. Over tid har det også vore utvikling i friluftslivet, og fleire av turisthyttene er i dag store bedrifter som ligg både innanfor og i randsona til verneområda. Desse store hyttene er viktige for dei større gruppene av fotturistar, mens dei mindre sjølvbeteningshyttene er viktige for fotturistar som i større grad vil klare seg sjølv og oppleve naturen på eiga hand.

Det er behov for transport av varer og utstyr til dei ulike hyttene som er tilgjengelege for fotturistar. Dei større betente hyttene som ligg inne i verneområdet har også behov for transport av drivvarar og personale. På vinterføre er det aktuelt å frakte både varer og utstyr med snøskuter, men om sommaren må større mengder varer fraktast med helikopter. Dette er ein aktivitet som har gått føre seg i mange år i verneområda, og både DNT og forvaltinga har erfaring med ulike ruter og tidspunkt. Kjennskapen til andre interesser knytt til verneområdet er i hovudsak oversiktteleg (§ 8 i naturmangfaldslova). Påverknaden på andre interesser, både naturverdiar og friluftslivsinteresser, er avhengig av metode for transport og tidspunkt. T.d. vil naturverdiar og landskapsverdiar bli sterkt påverka ved omfattande motorferdsel på barmark. Det er derfor ikkje opna for barmarkskjøring utanom opparbeidd bilveg (§ 12 i

naturmangfaldslova). Tidspunkt for motorferdsel kan i ein skilde område vere avgjerande for påverknaden på andre interesser. Etter «føre-var»-prinsippet i § 9 i naturmangfaldslova, er det derfor sett vilkår om at DNT skal «vere særleg kritisk til behovet for» motortransport frå Turtagrø til Skogadalsbøen om våren, og ha tett dialog med oppsynet i forkant av omsyn til villreinen i Vest-Jotunheimen. DNT kommenterer: «...vintertransporten til påske med snøscooter fra Turtagrø/Tyin. Siden det er vær- og føreforhold som avgjør om man kan kjøre med lass fra Turtagrø eller fra Tyin, anser vi det som nødvendig å ha muligheten til å kjøre snøscooter fra Turtagrø... På strekningen Tyin – Skogadalsbøen er det ett krevende punkt for transport av tunge lass, og turen fra Turtagrø bør derfor kunne brukes når forholdene gjør det nødvendig... Setningen om at helikoptertransport ikke skal skje fra Turtagrøområdet bør kanskje strykes, da dette er uaktuelt og i tillegg er utenfor nasjonalparken.»

Det er også lagt føring for at mest mogleg helikoptertransport til alle hyttene i området skal samlast til ein avgrensa periode om våren. Vermessige forhold vil kunne påverke gjennomføringa av planlagt transport i desse fjellområda, og transporten må i noko grad kunne tilpassast.

DNT Oslo & Omegn har hatt eit ope og omfattande løye i fleire år i desse verneområda. Særleg behovet for motorferdsel knytt til drift av hyttene innanfor verneområdet er vanskeleg å planlegge i detalj. Søkjar skal likevel halde omfanget av motorferdsel til eit minimum. Som den største aktøren knytt til motorferdsel er det viktig å bevisstgjere heile organisasjonen om dette prinsippet for å halda den samla belastinga av motorferdsel på verneområdet så låg som mogleg (§ 10 i naturmangfaldslova). Vilkåret om årleg rapportering er viktig for å kunne vurdere den samla utviklinga i verneområdet.

Det er generelt lite konflikt knytt til denne transporten, og for å unngå misstydingar og for at oppsynet skal kunne ha oversikt er det viktig at DNT varsler motorferdsel på førehand. DNT kommenterer varsling: «Når det gjelder varsling til oppsynet før avreise, bør det være formulert slik at man varsler for en periode og ikke for hver dag man kjører.»

Eit anna vilkår som er sett for å hindre unødig køyring og unødig mange snøskuterar, er at søkjar skal nytte leigekøyrarar som har kommunal godkjenning som leigekøyrar etter motorferdselslova dersom ikkje drivar eller anna tilsett personell kan køyre. Dette er med på å byggje opp under ei kommunal ordning som skal hindre for mange private snøskuterar og sikre ei mest mogleg profesjonell gjennomføring av transportoppdraget. Sannsynet for forureining er generelt liten ved transport med snøskuter og helikopter. Skulle utstyret bryte saman på fjellet, er søkjar ansvarleg for utfrakting av utstyret (§ 11 i naturmangfaldslova).

Anna kommentar frå DNT:

- Generelle vilkår for all transport:
«Ønske om at kvisting kun skal foregå på hverdager vil i perioder kunne være vanskelig å etterkomme fullt ut. Tidspunkt for når kvistingen utføres er avhengig av vær- og føreforhold, og også av når de som gjør arbeidet har anledning til å kviste. Både de som er frivillige i Røde Kors og andre som kvister, er i full jobb og er avhengig av å gjøre dette i sin fritid.»
- Punkt 2.5: Fannaråken:
«Vi ønsker at setningen om frakt av mineralvann, vin og øl strykes.»

- Punkt 3: Spesielle vilkår for stikking av vinterruter
«Under punktet som omhandler behovet for rekusting, mener vi at dette er uheldig formulert. Kvista skiløyper er et av de viktigste sikkerhetstiltakene vi har for ferdsel i vinterfjellet, og de ansvarlige må kunne rykke ut når det er dårlig vær for å se til at rutene er i orden og at kvisten ikke er borte. Her bør en ikke se på sannsynlighet dersom været er dårlig. I denne sammenhengen blir det også vanskelig hvis det ikke skal kunne rekistics lørdag og søndag. Er det uvær på en fredag, må rutene kunne sees over før mandag.»
- Punkt 4: Særlege vilkår
«Under punktet om å bruke kommunal ordning for leiekjøring legger vi til grunn at dette er spesialoppdrag som kommer i tillegg til de vanlige oppdragene som utføres av egne bestyrere og tilsyn.»

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen:

Vedlegg til sak:

Dispensasjon - Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av turisthytter og kvisting av vinterruter – 2013-2015 – DNT Oslo og Omegn

Den Norske Turistforening Oslo og Omegn får med dette dispensasjon fra det generelle forbodet mot motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Vi viser til pkt. IV, 5,1 og 5.3.2 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og pkt. IV, 8 i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde. jf vedtak gjort av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 15.02.2013.

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskriftene, og ikke i høve til kommunane som forvaltningsstyretema etter Lov om motorisert ferd i utmark og vassdrag eller til grunneigarane – jf motorferdsellova § 10

Med ”oppsynet” meinast Statens naturopsyn (SNO) eller samarbeidande oppsyn (Fjellstyra i Lom og Vågå eller Fjelloppsynet i Luster kommune).

1. Generelt om motorferdselsløyvet

Løyvet gjeld:

- Transport til og fra turisthyttene:
 - transport av naudsynte varer og utstyr til DNT Oslo og Omegn sine hytter i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, sjå spesifikke vilkår i pkt. 2.1 – 2.5.
 - transport av bestyrar med nærmeste familie og betjening
 - transport av handverkarar, reiskap og bygningsmateriale i samband med vedlikehaldsarbeid, tilsynspersonar (mattilsyn, branntilsyn m.m.)
 - transport av sjuke eller skadde personar kan gjerast av bestyrar av turisthyttene når situasjonen blir vurdert slik at transport er nødvendig.
 - oppsynsturar til turisthyttene (hyttestyrar/tilsynsmann og DNT-tilsette på oppdrag).
- Kvisting av vinterruter
 - bruk av snøskuter i samband med kvisting av godkjende vinterruter og eventuell inntaking av kvist

Generelle vilkår for all transport:

- Det er ikke lov med barmarkskjøring utanom om opparbeidd bilveg for transport til hyttene i verneområda.
- DNT Oslo og Omegn, hyttestyrarar og dei som utfører motorisert transport alltid skal søkje å redusere transportomfanget mest mogleg gjennom planlegging av transport og vareinnkjøp, samordning av transport osv.
- All motorferdsel utanom rutinemessig dagleg drift skal varslast oppsynet før avreise, både for å ha oversikt og for å hindre negativ påverknad på andre interesser.
- All motorferdsel skal loggførast før ein reiser på eit fast skjema (dato, rute, formål) som skal takast med på turen. Oppsynet skal kunne kontrollere loggen på staden.
- Alle loggene skal sendast inn til DNT Oslo og Omegn.

- DNT Oslo og Omegn er ansvarleg for å gje nasjonalparkstyret ei oppsummerande oversikt over all motortransport fordelt på type køyretøy og knytt til kvar hytte og kvisting. Rapport skal sendast til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 01.desember kvart år.
- Det skal i størst mogleg grad prøvast å unngå motorferdsel i helg, heilagdagar, i fellesferien, i påskeferien og når det elles er særleg stor utfart i fjellet.

Generelle vilkår for transport med helikopter:

- All helikoptertransport skal varslast seinast dagen før til oppsynet slik at oppsynet kan vere til stades dersom dei ønskjer det.
- Søkjær skal prøve å samle mest mogleg transport med helikopter innan eit kortast mogleg tidsrom.

2. Spesielle løyve og vilkår knytt til kvar hytte:

2.1. Glitterheim.

- I tillegg til generelt løyve i pkt.1, gjeld løyvet følgjande transport på bomvegen frå nasjonalparkgrensa til turisthytta:
 - 1 tur/veke for varetransport.
 - inntil 5 turar pr. år med bil (lastebil) for levering av varer frå grossist.
 - inntil 3 turar pr. år med bil (tankbil) for levering av fyringsolje/parafin.
 - 1 dag med bil (slambil) for tømming av septik.
 - verkstadbilar til handverkarar i samband med vedlikehaldsarbeid.
- 2 turar (t/r) pr. veke i vintersesongen for transport av faste gjestar og bagasje når turane er tinga hjå DNT Oslo og Omegn på førehand
- 1 tur (t/r) pr. veke i vintersesongen for transport av kursdeltakrarar/skuleklasser
- Transport av funksjonshemma skal skje i samband med annan transport, og skal varslast til forvalningsstyretemakta eller oppsynet på førehand. Dersom det utløyser behov for ekstra tur, må det sendast søknad til nasjonalparkforvaltar på førehand.

2.2. Gjendebu.

- I tillegg til generelt løyve i pkt.1, gjeld løyvet:
 - inntil 2 turar (t/r) pr. veke i vintersesongen for transport av faste gjestar med bagasje når turane er tinga hjå DNT Oslo og Omegn på førehand.
 - ved-, søppel- og varetransport i Gjendebu-området. Vilkår for vedtransport er at veden er vist ut av nasjonalparkforvaltar eller oppsynet på førehand.
- I sommarhalvåret kan det nyttast motorbåt til transport nemnd under pkt. 1.1. i dei tilfelle den rutegåande motorbåten på Gjende ikkje kan nyttast

2.3. Olavsbu:

- For å redusere talet på dagar med motorferdsel skal bruk av helikopter prioriterast ved hovudtransport av proviant og ved.

2.4. Skogadalsbøen.

- I tillegg til generelt løyve i pkt.1, gjeld løyvet:
 - vedtransport i Skogadalsbøen-området.
- Drivar av Skogadalsbøen skal vere særleg kritisk til behovet for transport med snøskuter frå Turtagrø til Skogadalsbøen om våren, og ha tett dialog med oppsynet i forkant av omsyn til villreinen i Vest-Jotunheimen.
- Helikoptertransport skal ikkje skje frå Turtagrøområdet. Døme på alternative utgangspunkt er Krossbu, Prestesteinsdammen eller Årdal.

2.5. Fannaråken.

- Frakt av mineralvatn, vin og øl er ikkje tillate

3. Spesielle vilkår for stikking av vinterruter

- All motorferdsel knytt til både kvisting og re-kvisting skal varslast til oppsynet på førehand, jf. generelle vilkår i pkt.1.
- Før kvistinga tek til, og seinast innan 1. februar, skal det sendast ei samla oversikt til nasjonalparkforvaltar og Statens naturoppsyn der det går fram kven som skal stå for kvistinga, reg.nr. på køyretøya som er tenkt nytta og når kvistinga er planlagt utført
- Første tillatne oppstartsdato for kvisting er 10. februar
- Kvistinga skal leggjast opp slik at motorferdsela for heile verneområdet blir minst mogleg, med samordning med andre som har legitime behov for motorferdsel, t.d. hjelpekorps
- Dei løypene som kan kvistast skal vere innteikna på eit eige kart, jf forvaltningsplan (som skal følge denne dispensasjonen)
- Grunna ver og vind og andre forhold kan det vere behov for inspeksjon og re-kvisting. Den som står for kvistinga må gjere ei løpende vurdering, og det skal vere stort sannsyn for at kvistinga er øydelagt før ein startar tiltak.
- Kvisting ved hjelp av snøskuter e.l. skal til vanleg vere avslutta laurdag 8 dagar før Palmesøndag, og seinast fredag før Palmesøndag

4. Særlege vilkår

- Ved innleige av snøskutersjåfør til transportoppdrag, skal den kommunale ordninga for leigekøring nyttast dersom slik ordning er oppretta.
- Motorferdsel knytt til særskilde tiltak (utanom mindre vedlikehaldsarbeid) krev særskild dispensasjon etter søknad. Arbeid som krev særleg stor transportkapasitet skal ha ein eigen transportplan. Planen skal i hovudtrekk vise talet på turar og når transporten er planlagd gjennomført.
- All transport skal i størst mogleg grad samordnast slik at den motoriserte ferdsla vert minst mogleg. I dei høva det er gjeve skriftleg løyve til det, kan transportøren ta utstyr for andre. Transportøren (for snøskuter, bil, båt, eller helikopter) er ansvarleg for å forsikre seg om at ligg føre løyve til transporten
- Det skal ikkje vere med andre personar på transporten enn dei som er naudsynt for å gjennomføre oppdraget
- Motorisert transport skal i størst mogleg grad leggjast utanom stader og delar av året det er størst fare for uroing av fugle- og dyrelivet

5. Tida dispensasjonen gjeld for

- Dispensasjonen gjeld fram til 31.12.2015. Dersom ingen av partane varslar behov for endringar, gjeld dispensasjonen etter denne tida for eitt år om gongen.
- Ved misbruk, eller dersom andre grunnar tilseier det, kan Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen som forvalningsstyremakt endre dispensasjonen eller inndra heile eller delar av den.

Arkivsaksnr: 2012/4002-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 17.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	14/2013	25.04.2013

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013-2015 - Motorferdsel for frakt av varer og brensel i samband med gjeting av sauер i Guridalen og ved buføring av sauер - Utladalen sameige

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.3.1 gjev Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen løyve til bruk av skuter til transport av varer og brensel til Guridalen i samband med gjeting, transport av ved og saltsteinar, utkøyring av salt til buføring og under buføring.

- Løyvet gjeld for inntil 10 turar med inntil 3 snøskuterar i tida 1. februar – 15.mai utanom søndagar, heilagdagar og heile påska (palmelaurdag – 1. påskedag). Unntaksvise kan søndagar i april nyttast for å nytte gode snøforhold.
- Intern transport knytt til vedhogst til bruk i Guridalen og uttransport av saltstein skal gjennomførast i samband med turane for transport.
- Løyvet gjeld for 2013, 2014 og 2015.
- Hovudtraseen for skutertransporten er Turtagrø – Keisarpasset, men ved vanskelege snøforhold kan trase Turtagrø – Sognefjellshytta – Vetle Utladalen brukast.
- Omfanget av snøskuterkjøring avgrensar til det som er strengt naudsint. Bruk av snøskuter skal ikkje lage nemneverdige spor i terrenget.
- Dersom snøforhold skulle verte for vanskelege, kan siste del av transport av varer, brensel og salt gjennomførast med inntil 3 helikopterhiv per år.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) skal ha melding seinast dagen før bruk av skuter og rapport om bruk skal sendast nasjonalparkforvaltar innan 1. oktober kvart år.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderar at bruk av inntil 200 kg salt for å lage faste nok snøforhold til buføring av sauere, ikkje vil gje konsentrasjonar av salt som er skadeleg for naturmiljøet. Føresetnadane for denne vurderinga er:

- Salt vert berre brukt der det er naudsynt, dvs. nokre få parsellar.
- Salt skal lagrast forsvarleg slik at det ikkje vert punktavrenning.
- Salt kan leggast ut langs ruta som førebuing til buføring og samlast saman når buføringa er gjennomført.

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.2 gjev Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen løyve til å plassere inntil 2 kassar som kan romme sekkar med salt for Utladalen Sameige. Løyvet blir gjeve med følgjande vilkår:

- Kassane skal berre brukast til lagring av salt.
- Kassane skal vere tette mot regn og avrenning og vere nøytralt utforma.
- Kassane kan plasserast der det er fornuftig for transport og minst mogleg skjemmande både om sommaren og vinteren.
- Kassane skal fjernast dersom dei ikkje er naudsynte for buføringa til Guridalen.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om bruk av snøskuter frå Utladalen Sameige datert 01.06.2012.
- Løyve til bruk av skuter til utkøyring av salt og buføring og salting av snø ved buføring datert 15.06.2012
- Løyve til bruk av snøskuter for åra 2011-2015 for Utladalen sameige i samband med beiteing datert 21.03.2011.

Viser elles til møte 08.04.2013 mellom Utladalen sameige og nasjonalparkforvaltar i Luster kor ein hadde ei samla gjennomgang av sameiga sitt transportbehov og erfaringar.

Bakgrunn for vedtak

Utladalen sameige har hatt eit beiteprosjekt i Guridalen over mange år. Sauene vert buført frå Fortun (Turtagrø/Helgedalen), over Keisarpasset og ned i Guridalen. Keisarpasset ligg på kring 1500 moh og beitet nedst i Guridalen er best i starten av sesongen. Kjem sauene for seint over, vil dei halde seg til friskare beiter lenger oppe på fjellet og både effekten på beiteressursen og gjengroing vil vere dårligare. Derfor vert sauene buført over så tidleg som råd på snøen over passet, helst rundt 20.juni. Dette er arbeidskrevjande og avhengig av ver- og snøforhold. Flokkane vert buført om natta for å ha best moglege snøforhold, men av og til er snøen så dårlig at dyra går gjennom og i verste fall kan dei bli ståande.

Beiteprosjektet i Guridalen omfattar bruk av gjetar med hund gjennom heile beitesesongen. Gjetar bur i sameiga si hytte i Guridalen i heile beitesesongen. Nytt frå 2013 er at det skal vere to gjetarar i Guridalen. Gas, proviant og anna naudsynt utstyr for heile kommande beitesesong vert frakta inn med snøskuter på ettermiddagen. I tillegg vert snøskuter brukt til å hente inn ved til bruk gjennom sesongen. Dette krev ein god del transport og med varierande snøforhold, har sameige behov for større fleksibilitet i løyvet. Dei ønskjer løyve til fleire turar for å vere sikker på at varene for sesongen kjem

fram ved varierande snøforhold og fleire skuterar for å kunne bruke gode køyreforhold betre til å gjennomføre transporten. I tillegg ønskjer Utladalen sameige å vidareføre løyve til å køyre ut depot av salt og bruke skuter under buføring av sauер. Erfaring frå 2012 viser behov for to hovudlager av salt i tillegg til Fjellstyrehytta og at saltet må leggast ut i mindre depot i forkant av buføringa for at buføringa skal kunne gjennomførast.

Sameiga meiner også at vilkår om at ein ikkje kan nytte helgane til transport er urimeleg på grunn av mengda av varer som må transporterast og at det er lite folk som nyttar denne ruta. Søkjær ønskjer også å kunne bruke traseen via Sognefjellshytta som eit alternativ når forholda over Keisarpasset ikkje er gunstige eller unntaksvis helikopter.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I nasjonalparken og landskapsvernombordet er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskrift Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 5.1 og verneforskrift for Utladalen landskapsvernombordet pkt. IV, 8), men forvalningsstyretemakta kan gje løyve til:

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 5.3.1: «Køyring i samband med bufe- og tamreindrift...»
- Verneforskrift for Utladalen landskapsvernombordet pkt. IV, 8: «Utøving av landbruksdrift...».

Vurdering

Beiteprosjektet i Guridalen er veldig positivt for å ivareta verneverdiane i kulturlandskapet i øvre del av Utladalen, både gjennom å vidareføre ein historisk tradisjon og å oppretthalde kulturlandskapet. Det er også viktig at sauene kjem over passet på beite så tidleg som mogleg for å ha eit så sterkt beitepress også i nedre deler av beite som mogleg.

For vurdering av bruk av salt og avrenning vert det vist til vurdering i vedtak datert 15.06.2012. Gjennomføringa i 2012 viste at det er formålstenleg med hovuddepot for salt på nokre stadar, men også at saltet bør leggast ut i fleire mindre depot langs ruta som førebuing slik at flyten i buføringa vert så god som råd. På retur kan desse mindre depota samlast saman att. Ved å førebu buføringa på denne måten kan hovuddepota med kassar i større grad plasserast diskret i terrenget. Det er då viktig at dei midlertidige depota vert rydda opp på retur tilbake.

Etter utkast til forvalningsplan, skal nivået av motorferdsel haldast så lågt som mogleg. Sameige har behov for relativt mykje transport for å kunne gjennomføre beitinga i Guridalen. Transporten er både knytt til transport av gas, utstyr og varer til gjeterhytta, buføring og lokal transport av ved rundt Guridalen. Mykje av dette vert samordna ut frå praktiske omsyn og det er derfor unaturleg å dele opp løyve for mykje. Samling og koordinering av det samla transportbehovet vil gje mindre samla motorferdsel i verneområdet. Å samle meir transport per tur kan også effektivisere transporten og redusere talet på turar. Å køyre fleire snøskuterar når det er gode forhold vil gjere det mogleg å gjennomføre transporten i ein kortare tidsperiode og dermed redusere påverknaden på andre interesser. Det er likevel klart at for mange skuterar i kolonne

har negativ påverknad på dei som er på tur i det tidsrommet. Kor grensa går er ei avveging.

Det er vanleg å sette vilkår om at motorferdsel ikkje skal leggast til søndagar, heilagdagar og påske. Dette er for å redusere påverknaden på friluftsinteressene. Dette er formålstenleg vilkår når talet på turar er lågt og tidsperioden er lang. Utladalen sameige må få inn nok varer til den kommande beitesesongen og har fleire turar. Generelt er det ikkje ønskjeleg med auka motorferdsel i helgene, men det vert vurdert at løyvet bør vere meir fleksibelt for Utladalen sameige slik at dei får gjennomført naudsynt transport på slutten av sesongen. Påsken er den tida med flest folk i fjellheimen motorferdsel bør haldast på eit minimum. Bruken av Hurrungane har auka dei siste åra, særleg på slutten av skisesongen med toppturar. For å best mogleg å ivareta dei ulike interessene, vert det vurdert som formålstenleg å la Utladalen sameige bruke helgene i april månad til transport. Sameige bør likevel prøve å legge mest mogleg til vekedagane også i denne perioden. Det er ikkje ønskje å opne opp for meir motorferdsel i påska.

Talet på turar har vore stabilt i relativt mange år. I same periode har transportbehovet auka med etablering av gjetarordninga. Nå vert også løyve til å bruke skuter under buføring lagt til. Varierande snøforhold frå år til år gjere også at talet på turar naturleg vil variere frå år til år. Ved å gje eit fleirårig løyve må me legge til grunn behovet i eit «normalt vanskeleg år». Det er då samtidig forventa at søker gjennomfører den naudsynte transporten med så få turar som mogleg.

Ved å gje eit løyve på inntil 10 turar med inntil 3 skuterar, vil Utladalen sameige har eit større og meir fleksibelt løyve for å kunne utføre naudsynt motorferdsel som førebuing til beitesesongen. Opning for å bruke helgene i april (utanom påska) legg også opp til effektiv transport i eit minst mogleg tidsrom. Bruk av snøskuter til intern transport i samband med vedhogst til bruk i Guridalen og utkøyring av saltstein skal vere knytt til transportturane.

Vi vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Vi meiner vi har god kunnskap om området ut generell kunnskap og erfaringar med Utladalen sameige sin motorferdsel i fleire år.

Observasjonar viser at det er lite turgåurar langs denne kvista ruta, men det er også eit villreinområde. Sjølv om det er hovudsakleg bukkeflokkar som bruker dette området, vil for mykje motorferdsel kunne påverke desse negativt. Erfaring frå vinteren 2013 kan tyde på dette. Framlegg til løyve opnar for fleire turar, men også meir fleksibilitet som kan gje meir effektiv transport.

§ 9 Føre-var prinsippet: Motorferdsel kan ha negativ effekt på fauna og friluftsliv. Det er viktig at motorferdsel vert gjennomført på ein omsynsfull måte, både med tanke på villrein og folk på tur. Det skal ikkje gjennomførast transport i påska for å unngå påverknad på den mest aktive friluftsperioden i fjellet.

§ 10 Økosystemtilhærming og samla belastning: Aktivitetane ved Guridalen og på Skogadalsbøen fører med seg ein god del motorferdsel. Beiting er viktig i landskapsvernområdet for å ta vare på kulturlandskapet. For å få best mogleg beite, er det viktig å legge til rette for at beitedyra kjem på beite så tidleg som mogleg. Motorferdsel er dermed ein føresetnad.

§ 11 Kostnadene ved miljøforrering skal berast av tiltakshavar: Dersom beiteprosjektet i Guridalen blir avslutta, skal kassane for lagring salt fjernast av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av snøskuter til transport og i samband med buføring av sau er den mest skånsame og effektive verkemiddelet for å kunne gjennomføre beite i Guridalen.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale og vil gje si innstilling før handsaming i Nasjonalparkstyret 25.04.2013.

Arkivsaksnr: 2012/6060-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 16.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	15/2013	25.04.2013

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Justering av vannanlegg for Skogadalsbøen turisthytte og helikoptertransport - DNT Oslo og Omegn

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde pkt. IV, 4e og 8, får DNT Oslo og Omegn løyve til:

- Å flytte inntakskummen for vassforsyninga til Skogadalsbøen turisthytte ca. 3 meter oppstrøms til ein djupare kulp. Kummen kan hevast med ein ring.
- Å leggje om traseen på elvestadrøyet frå siste skøyten (ca. 30 meter frå kum) ut mot og i elva for å få jamnt fall.
- Grave ned vassrøyet ned til turisthytta.
- Helikoptertransport for å frakte inn og ut gravemaskin (2 hiv inn og 2 hiv ut), material til arbeidet (1 hiv inn) og arbeidsmannskap (1 hiv inn og 1 hiv ut).
- Trase for helikoptertransport skal ikkje følgje opp Utladalen frå Årdal.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Gravemaskin skal brukast skånsomt. Terrenginngrep skal haldast på eit minimum, særleg i elvekanten.
- Avdekka toppdekke skal leggast tilbake som topplag for å få rask gjengroing.
- Det skal ryddast opp der inntakskummen står i dag.
- Løyvet til helikopterfrakt gjeld fram til 01.12.2013, men ikkje søndagar og heilagdagar.
- Seinast dagen før helikoptertransport skal DNT Oslo og Omegn gje melding til naturoppsyn Rigmor Solem (mobil 959 65 158) som kan gi beskjed om det må takast spesielle omsyn.
- DNT Oslo og Omegn og forvaltar/SNO skal foreta ei sluttsynfaring på tiltaket, og søker kan då bli pålagt ytterlegare tilstelling/opprydding.

- Det skal sendast skriftleg rapport til verneområdestyret ved nasjonalparkforvaltar om gjennomførte helikoptertransportar og om tiltaket innan 01. november.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad av 11.09.2012, frå DNT Oslo og Omegn.
- Sak 9/2012 Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre: Løyve til tiltak om justering av vassanlegg knytt til Skogadalsbøen turisthytte datert 21.09.2012 med vurdering og vilkår.
- Sak 8/2013 Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre: Løyve til transport av materiell og håndverkere for midlertidig vanntilgang på Skogadalsbøen datert 14.03.2013

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Vi viser også til synfaring på Skogadalsbøen turisthytte med drivar Olav Kjell Moen og Magnus Snøtun 27.04.2013.

Bakgrunn for søknaden

DNT Oslo og Omegn søkte Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen om å flytte vassinntaket og gjere nokre justeringar med anlegget i 2012. Bakrunnen var at elva hadde lagt seg litt om og leie vatn vekk frå kummen og vassleidningen delvis låg i motfall. Ved å flytte kummen kring 3 meter vil ein vere sikra vatn, særleg om vinteren. Arbeidet var planlagt med gravemaskin som skulle flygast inn. Grunna vanskeleg forhold vart ikkje arbeidet gjennomført i 2012.

Vinteren 2013 har vore både tørr og kald. For å kunne opne turisthytta til påske, har det blitt søkt etter vatn fleire stadar i elva og til slutt fann dei vatn om lag der vasskummen er planlagt flytta til. Eksisterande Elvestadrøyr klarte heller ikkje tine opp anlegget. Som eit førebels tiltak vart eit nytt Elvestadrøyr flydd inn (sak 8/2013) i vinter og lagt ut. Sjølv om røyret vart greve ned i snøen, måtte aggregatet meir eller mindre køyrast heile døgnet for at ikkje vatnet skulle fryse att.

Det vart gjeve løyve til å bruke gravemaskin til å flytte inntaket i elva og legge om traseen for å unngå motfall i 2012. Erfaringane frå i vinter viser at det er behov for å grave ned røyret heilt ned til turisthytta. I første del må vassrøyret då leggast i elvekanten rundt ein kul før han går inn i litt skogsterreng før resten er open mark ned til turisthytta.

DNT ønskjer å gjennomføre tiltaket i vår til opninga av sommarsesongen og koordinere frakt og arbeid med utviding av platting ved inngangspartiet.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er alle inngrep som vesentleg endrar landskapet sin eigenart eller karakter forbode, m.a. oppføring av anlegg (verneforskrifta pkt. IV, 2). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging av eksisterande turisthytter (verneforskrifta pkt. IV, 4e).

Motorferdsel er forbode i landskapsvernområdet. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel til transport av materiale og utstyr til hytter. (verneforskrifta pkt. IV, 8).

Vurdering

Skogadalsbøen turisthytte er eit stort anlegg som ligg innanfor verneområdet. Drift av ei betjent hytte krev vatn. Vurdering av tiltaket med å flytte vassinntaket og legge om traseen for å unngå motfall er vurdert i sak 9/2012.

Vinteren 2013 og drifta i påska viser at det er viktig at det er behov for å justere traseen for vassleidningen slik at han er mindre utsett for frost. Store mengder ekstra drivstoff har blitt brukt i år for å sikre vasstilgangen til turisthytta. Den nye traseen vil krevje at vassleidningen vert klamra fast langs elva forbi ein haug. For å hindre landskapsskader og erosjon er det viktig at det blir gjort minst mogleg endringar i elvekanten. På land er det derimot ein fordel å grave ned vassleidningen for å ha mest mogleg naturleg isolasjon og for å redusere landskapseffekten. Det meste av traseen er over open mark som vil gro relativt raskt igjen. Ein kort del frå bruhaugen og opp til der leidningen må gå i elvekanten er det open bjørkeskog. Også her bør leidningen gravast ned, men her er det viktig at terrengsåra vert minst mogleg då det vil ta lengre tid å dekke det til. Det er generelt viktig at maskinføraren legg topplaget tilbake slik at den lokale frøbanken vert lagt tilbake. Stein og fjell skal ikkje sprengast.

Vi vurderer helikopterfrakt som den beste og i praksis einaste moglege måten å frakte inn materialar og gravemaskin/utstyr for justering av vassanlegget. For å unngå forstyrring av hekkande rovfugl bør ikkje trase for helikoptertransport følgje nede i Utladalen.

Vi vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Vi meiner vi har god kunnskap om området ut generell kunnskap og synfaring av planlagt tiltak. Erfaring frå vinteren 2013 viser eit reelt behov for omsøkt tiltak. Tidsrommet for gjennomføring og transport fell saman med anna transport inn til turisthytta i samband med oppstart av ny sesong. Den ekstra transporten knytt til desse tiltaka vil dermed ha mindre tyding.

§ 9 Føre-var prinsippet: Tiltaket vil sikre vasstilgang for turisthytta, men ein skal vere forsiktig med tiltak i elva. Massar må derfor i størst mogleg grad ligge som før og leidningen bør heller klamrast fast enn gravast ned i elvekanten. Bruk av det same topplaget vil også redusere landskapseffekten og gir raskare gjengroen.

Det er kjente hekkelokalitetar av større rovfugl i Utladalen. Transporten er planlagt i ein mindre sårbar periode for rovfluglane, men generelt bør ein unngå flyging direkte opp Utladalen. Vi vurderer helikopterfrakt som den klart mest miljøvenlege transportmåten.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Skogadalsbøen turisthytte ligg inne i verneområdet og er viktig får å få folk ut på tur. Krav og forventing om komfort og tilrettelegging styrer til ein viss grad utviklinga. Som betent hytte med matservering, må det vere ei sikker og god vasskjelde. Sjølv om tiltaket er ganske omfattande, er det ei justering av eksisterande anlegg. Det er mykje transport knytt til ei betent hytte som Skogadalsbøen, men det er bra at mest mogleg vert lagt til forsommaren når påverknaden på andre interesser er mindre.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Vi vurderer temaet som lite relevant i denne samanheng både m.o.t. justering av vassanlegget og ved helikoptertransport.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Vassinntaket er ein tung konstruksjon som er vanskeleg å flytte utan gravemaskin. Når maskina er på plassen er det også fornuftig å bruke den til å grave ned vassleidningen slik at han ikkje vert synleg og mest mogleg naturleg isolert. Skogadalsbøen ligg utan vegtilkomst, og einaste fornuftige måte å frakte inn maskin og materialar er med helikopter.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale og vil gje si innstilling før handsaming i Nasjonalparkstyret 30.05.2012.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale og vil gje si innstilling før handsaming i Nasjonalparkstyret 25.04.2013.

Arkivsaksnr: 2013/2633-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 16.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	16/2013	25.04.2013

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Utviding av plattning ved inngangsparti Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde pkt. IV, 4e og 8 løyve til utviding av plattning ved inngangsparti på Skogadalsbøen og helikoptertransport av material. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 2013 og i tråd med tilsendt skisse. Arealet skal ikkje overstige dei oppgjeve måla på 55 m².
- Helikoptertransport for å frakte inn byggematerial (inntil 2 hiv inn og 1 hiv ut).
- Trase for helikoptertransport skal ikkje følgje opp Utladalen frå Årdal.
- Ein enkel rapport med biletar skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.november.

Saksopplysningar

Dokument i saka

Søknad per e-post datert 11.02.2013 med skisse frå DNT Oslo og Omegn v/ Anders Gjermo

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Vi viser også til synfaring på Skogadalsbøen turisthytte med drivar Olav Kjell Moen og Magnus Snøtun 27.04.2013.

Bakgrunn for søknaden

Skogadalsbøen turisthytte er eit relativt stort anlegg som ligg i Utladalen landskapsvernområde. I tillegg til hovudbygget med overnatting, kjøkken, spisesal og peisestove, er det fleire mindre bygningar i eit tun. Desse har funksjon både som ekstra overnatting, lager, sanitæranlegg m.m.

Besøkande kjem inn i tunet mellom desse bygningane og typisk set frå seg ryggsekk før dei går inn i resepsjonen i hovudbygget. DNT ønskjer å lage ein større plattning mellom bygga her ved inngangen for å få mindre sand og grus inn og for å kunne ha ein betre utplass.

Plattingen er planlagt som ei forlenging av plattning/svalgang ved inngangen, bort til mur mot nabobygg og mot naturleg terrengkul mot nord. Plattingen skal gå inn i terrenget naturleg, men plattingen kan ikkje leggast heilt mot soveromsfløyen på grunn av brannsikkerheit.

DNT ønskjer å gjennomføre tiltaket i vår til opninga av sommarsesongen og koordinere frakt og arbeid med justering vassinntaket.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er alle inngrep som vesentleg endrar landskapet sin eigenart eller karakter forbode, m.a. oppføring av bygningar og anlegg (verneforskrifta pkt. IV, 2). Forvalningsstyrestrukta kan gje løyve til utviding eller ombygging av eksisterande turisthytter (verneforskrifta pkt. IV, 4e).

Vurdering

Skogadalsbøen turisthytte er eit stort anlegg som ligg innanfor verneområdet. Frå gamalt av var dette ein støl for bøndene i Fortun, men allereie i 1888 kom den første turisthytta her. Sidan har turisthytta blitt utvida i fleire omganger.

Utvidinga av plattina ved inngangen til turisthytta er på ca. 55 m², men på grunn av at den er plassert mellom bygningane, vert det ikkje ei utviding av det totale anlegget. Ved å la plattingen gå mest mogleg inn i naturlege terrengformasjoner, blir plattingen tona ned. I følgje forvalningsplanen kan forvalningsmyndighetene gje løyve til mindre utviding av bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthyttene.

Det er ein føresetnad at materialval ikkje skil namneverdig seg frå eksisterande, at takoverbygg ikkje vert utvida og at branntekniske forhold ikkje vert endra.

Vi vurderer helikopterfrakt koordinert med frakt av utstyr til anna arbeid som ei god løysing. For å unngå forstyrring av hekkande rovfugl, bør traseen for helikoptertransport ikkje gå nede i Utladalen.

Vi vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Vi meiner vi har god kunnskap om tiltaket og området basert

på skisse og synfaring av tiltaket. Søknaden gjeld utviding av anlegget, men utvidinga er innanfor yttergrensene til anlegget og vert såleis interne justeringar. Negative konsekvensar vert dermed avgrensa. Koordinering av transport med anna transport blir vurdert som positivt.

§ 9 Føre-var prinsippet: Sidan dette er ei utviding av eksisterande platting mellom bygningars, er effektane avgrensa. Det er viktig at tiltaket ikkje går ut over anna regelverk som brann og sikkerheit.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Plattingen er planlagt mellom eksisterande bygningars og utvider ikkje det totale anlegget. Det er heller ikkje synlag frå andre stadar. Det vert dermed vurdert at den samla belastinga ikkje vert endra med planlagt tiltak.

§ 11 (Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar) og § 12 (Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode) er tema som vert vurdert som lite relevant i denne samanheng.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale og vil gje si innstilling før handsaming i Nasjonalparkstyret 25.04.2013.

Arkivsaksnr: 2013/2738-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 18.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	17/2013	25.04.2013

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013-2014 - Helikoptertransport i samband med nytt tak på steinsel i Guridalen - Jorunn K. Yttri

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde pkt. IV, 8 løyve til helikoptertransport av material og utstyr for Jorunn K. Yttri. Transporten er knytt tiltak med nytt tak på steinsel i Guridalen. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 6 hiv i 2013 og 2014.
- Trase for transport skal vere Sognefjellet/Krossbu – Guridalen.
- Transporten skal ikkje på søndagar eller heilagdagar.
- Seinast dagen før flyging skal SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) varslast slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn.
- Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail når tiltaket er gjennomført, seinast innan 01.november 2014.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad datert 03.04.2013, frå Jorunn K. Yttri.

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernombordet av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Sommaren 2011 vart det bestemt at tiltaksmidlar skulle brukast til å sette i stand steinmurane på eit steinsel i Guridalen. Murane var skada og var i ferd med å falle saman. For å kunne mure det opp att måtte ein ta ned taket som var i så dårlig forfatning at det ikkje kunne brukast meir. Nå er det planlagt å legge på nytt tak og material og utstyr må transporterast inn med helikopter.

Handverkar Nils Teigen som har planlagt tiltaket, reknar med at det er naudsynt med 5-8 hiv basert på erfaringar med tilsvarende prosjekt på Skogadalsbøen.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernombordet og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernombordet er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskrifta pkt. IV, 8), men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene*».

Formålet med opprettinga av Utladalen landskapsvernombordet er «*å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.*»

Vurdering

Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg.

Motorferdsel med helikopter kan forstyrre fauna. Fram til juli er det særleg hekkelokalitetar med rovfugl sårbare for forstyrring, men forstyrringa avhenger av avstand. SNO overvakar kjende hekkelokalitetar og det er viktig å ha avstand til desse (§8 i nml.). Den mest skånsame traseen for påverknad av fauna er frå Sognefjellet/Krossbu – Vetle Utladalen – Guridalen og retur same veg for å unngå å forstyrra kjende lokalitetar i sjølve Utladalen (§9 i nml.).

Det er ein fordel at motorferdsel i samband med transport blir samla og koordinert for å redusere det samla behovet for motorferdsel. Dette vil også redusere kostnadar for tiltakshavar. Koordinering med uttransport av utstyr og bygningsavfall frå steinsel på Skogadalsbøen blir vurdert av tiltakshavar (§10 i nml.). Helikoptertransport er den mest skånsame og mest effektive måten å transportere materialar inn og ut på. (§12 i nml.).

Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «*Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*» er ikkje relevant for denne saka.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale og vil gje si innstilling før handsaming i Nasjonalparkstyret 25.04.2013.

Arkivsaksnr: 2013/2629-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 17.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	18/2013	25.04.2013

**Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - Dispensasjon - 2013
- Helikoptertransport av material og utstyr til vedlikehald av
turisthytta i Stølsmaradalen - DNT Oslo og Omegn**

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde pkt. IV, 8 løyve til helikoptertransport av material og handverkarar for DNT Oslo og Omegn til Stølsmaradalen. Transporten er knytt til vedlikehald av sjølvbeteningshytte. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 3 hiv i perioden 3. – 7. juni (veke 23) i 2013.
- Helikoptertraseen skal følgje vest for Utladalen frå Krossbu. Helikopteret skal ikkje ut over Utladalen grunna sårbare hekkelokalitatar.
- Seinast dagen før flyging skal SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) varslast slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn.

Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.juli.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad per e-post datert 12.04.2013, frå DNT Oslo og Omegn v/Thomas With.

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

DNT Oslo og Omegn planlegg vedlikehald av sjølvbeteningshytte i Stølsmaradalen. Det er planlagt utskifting av pipe og omn, musetting, utskifting av noko kledning og anna førefallande arbeid. Det er planlagt innflyging av material og utstyr på mandag 3. juni og uttransport i samband med den årlege provianttransporten i veke 25. Det er søkt om 3 hiv inn frå Krossbu.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskrifta pkt. IV, 8), men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene*».

Formålet med opprettinga av Utladalen landskapsvernområde er «*å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.*»

Vurdering

Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg.

Motorferdsel med helikopter kan forstyrre fauna, særleg ved landlingsområdet. På denne tida av året er særleg hekkelokalitetar med rovfugl sårbar for forstyrring, men forstyrringa avhenger av avstand. SNO overvakar kjende hekkelokalitetar og det er viktig å ha avstand til desse (§8 i nml.). Dersom flygingstrase vart lagt vest for Utladalen og retur same veg, unngår ein å forstyrra kjende lokalitetar i sjølve Utladalen (§9 i nml.).

Det er positivt at transporten av bygningsavfall og utstyr vert koordinert med den årlege provianttransporten og på den måten avgrensar det samla behovet for motorferdsel (§10 i nml.). Stølsmaradalen ligg langt frå veg og skutertrasear og helikopter er den mest skånsame og mest effektive måten å transportere materialar inn og ut på. Grunna (§12 i nml.).

Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «*Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*» er ikkje relevant for denne saka.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale og vil gje si innstilling før handsaming i Nasjonalparkstyret 25.04.2013.

Arkivsaksnr: 2013/2630-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 16.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	19/2013	25.04.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel - Dispensasjon - 2013-2015
- Bruk av snøskuter i samband med snømålling - Hydro Energi Sogn****Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter den generelle dispensasjonsregelen i Naturmangfaldslova §48 løyve til Hydro Energi Sogn å bruke snøskuter i samband med snømåling til målepunkt ved Prestesteinsvatn og i Ringsdalen. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 1 tur til kvar av målepunkta med inntil 2 snøskuterar i april månad.
- Løyvet gjeld for 2013, 2014 og 2015
- Seinast dagen før skal SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) varslast slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn, særleg villrein.
- Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.juli kvart år.

Saksopplysningar*Dokument i saka*

- Søknad per e-post datert 10.04.2013, frå Hydro Energi Sogn v/Anneli Nesteng.

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 5. desember 1980
- Naturmangfaldslova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Fortun kraftverk er eigd av Norsk Hydro ASA og er tett knytt til aluminiumsproduksjonen i Årdal. Kraftverket vart bygd på slutten av 1950-talet og er eit omfattande anlegg som strekker seg frå Nørdstedalen til Fardalen. Samla er det om lag 90 kilometer med tunnel knytt til kraftanlegget. Deler av anlegget ligg like utanfor Jotunheimen nasjonalpark.

Stipulering av forventa tilsig til kraftanlegget er viktig for planlegging av kraftproduksjonen gjennom året og blant anna berekning av flaumdemping. Hydro Energi Sogn søker om fleirårig snøskuterløyve for å gjennomføre to snømålingar i året på to ulike lokalitetar. For å kunne gjennomføre snømåling i 2013, er eit av desse løyva trekt ut for å kunne gje ei raskare behandling (sjå sak i arbeidsutvalet).

Heime!

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernombordet er motorferdsel til lands forbode (verneforskrifta §3 pkt. 5.1). Søknaden må derfor behandles etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forsking.»

Vurdering

Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg. Bruk av snøskuter set spor i snøen, men påverkar ikkje landskapet elles. Formålet med vernet vert dermed ikkje påverka.

Hydro Energi Sogn sin aktivitet i Jotunheimen er avgrensa. Dei brukar dei same områda til målingar kvart år og treng ein tur per målingspunkt. Området ved Prestesteinsvatnet er i ytterkant mens Ringsdalen er ein del av villreinområdet for bestanden i Vest-Jotunheimen. I Ringsdalen står noko av bestanden på denne tida. Effekten av forstyrring er avhengig av avstand og korleis køyringa vert gjennomført. Villreinen kan også vere meir sårbar ut på ettermiddagen etter ein hard vinter og dersom det skulle påverke kalving (§8 i nml.). Tidsrommet for gjennomføring av snømåling er derfor avgrensa til april. Det er også lagt inn vilkår om varsling til SNO dagen før for å kunne unngå den mest sårbare tida (§9 i nml.).

Både Ringsdalen og området Fanaråken – Sognefjellshytta er populære turmål. I Ringsdalen har det dei seinare åra vorte særleg populært med brattkjøring på ski på ettermiddagen. Snømålinga vert utført i vanleg arbeidstid og då er det liten effekt på skikøyrarar i området. Den samla effekten på villreinen er summen av både skiløperar

og motorferdsel. Ein skutertur per sesong har avgrensa effekt på bestanden av villreinen med vilkår som er sett opp (§10 i nml.). Verneverdiane vert dermed ikkje påverka nemneverdig. Grunna ulikt utstyr er snøskuter den mest effektive måten å gjennomføre arbeidet på (§12 i nml.).

Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «*Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*» er ikkje relevant for denne saka.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen NP og Utladalen LVO i Luster har fått saka til uttale og vil gje si innstilling før handsaming i Nasjonalparkstyret 25.04.2013.